

Framlegg til Oselvarklubbens årsmøte

Eg ynskjer å fremja to framlegg på årsmøtet 22. mars 2009:

1. *Eit evt. overskot frå boka Oselvaren – den levande båten skal brukast til nye tiltak som revitaliserer regattaseglinga med Oselvaren.*

Grunngjeving: Oselvarseglinga har vore i nedgang gjennom fleire år. I dag seglar eit fleirtal av båtane berre NM i løpet av ein sesong. Det er dags å snu denne utviklinga mot noko positivt! Truleg vil boka *Oselvaren – den levande båten* berre vera eit av fleire tiltak som må til for å snu den negative trenden. Før boka kjem ut bør det gjerast eit prinsippvedtak om kva evt. overskotsmidlar frå sal av boka skal brukast til. Underteikna meiner at desse midlane bør brukast på nye tiltak som siktar til å revitalisera regattaseglinga.

2. *I etterkant av utgjevinga av boka Oselvaren – den levande båten skal klassereglane for Oselvaren oppjusterast i samsvar med ny kunnskap som er kommet fram under arbeidet med boka.*

Grunngjeving: Dagens klassereglar inneholder formuleringar som berre er delvis korrekt. Dette gjeld særleg i det historiske oversynet, men også enkelte andre stader i klassereglane. Underteikna melder seg frivillig til å gå gjennom og utarbeida framlegg til nye formuleringar i klassereglane. Merk at det ikkje er tale om å endra innhaldet i regelverket, berre justera slik at det heile vert meir presist og i samsvar med ny og tidlegare ukjend kunnskap.

Helsing



Kjell Magnus Økland

Nygårdsgaten 64, 4. mars 2008